

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 19.08.2011  
Sakhandsamar: **Hans Stenby og Terje Arne Krokvik**  
Saka gjeld: **Langtidsbudsjett 2012-2016**

**Arkivsak**

2011/91/

**Styresak 087/11 B****Styremøte 07.09.2011****Forslag til vedtak**

1. Styret vedtar langtidsbudsjett for 2012-2016.
2. Resultatkravet for perioden 2012-2016 blir fastsett som følgjer:

| Resultat pr. foretak      | Langtidsbudsjett |                |                |                |                |                |
|---------------------------|------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
|                           | 2011             | 2012           | 2013           | 2014           | 2015           | 2016           |
| Helse Stavanger           | 40 000           | 60 000         | 80 000         | 100 000        | 122 000        | 122 000        |
| Helse Fonna               | 10 000           | 31 000         | 34 000         | 34 000         | 35 000         | 35 000         |
| Helse Bergen              | 140 000          | 180 000        | 200 000        | 220 000        | 220 000        | 220 000        |
| Helse Førde               | -40 000          | -40 000        | 0              | 0              | 0              | 0              |
| Helse Vest IKT            | 0                | 0              | 0              | 0              | 0              | 0              |
| Apoteka Vest              | 14 000           | 10 000         | 11 000         | 14 000         | 18 000         | 23 000         |
| Helse Vest RHF            | 40 000           | 40 000         | 0              | 0              | 0              | 0              |
| <b>Sum føretaksgruppa</b> | <b>204 000</b>   | <b>281 000</b> | <b>325 000</b> | <b>368 000</b> | <b>395 000</b> | <b>400 000</b> |

Resultatkravet for Helse Førde blir vurdert på ny i samband med oppdateringa av inntektsmodellen i Helse Vest som skal gjelde frå 2013.

3. Helseføretaka må styre og prioritere investeringane innanfor tilgjengeleg likviditet i langtidsbudsjettet. Dersom resultatet endrar seg negativt må det gjerast nødvendige tilpassingar i investeringsplanen.
4. Dei årlege investeringsbudsjetta blir vedtatt i samband med behandlinga av dei årlege budsjetta. Avgjerda om og gjennomføring av investeringar må følge fastsette retningslinjer for investeringar. Denne saka gir ikkje godkjenning for gjennomføring av dei enkelte prosjekta.
5. Rullering av nytt langtidsbudsjett blir gjort våren 2012. Dette skal skje i tråd med Helse 2020 og dei føringane som blir gitt i samhandlingsreforma.

# **1 Innleiing**

Styret i Helse Vest behandla i møte den 01.09.2010 sak 091/10 B Langtidsbudsjett 2011-2015. Det blei i denne saka fatta vedtak om at rullering av nytt langtidsbudsjett skal gjerast våren 2011 med basis i revisjon av Helse 2020.

Prosessens rundt Helse 2020 har blitt gjennomført hausten 2010 og våren 2011. Saka blei lagt fram for styret i møte den 22.06.2011. Dette inneber at arbeidet med langtidsbudsjettet i helseføretaka delvis har gått parallelt med arbeidet rundt Helse 2020. Dei viktigaste føringane som er gitt i Helse 2020 var likevel klarlagt på det tidspunkt helseføretaka starta arbeidet med rullinga av langtidsbudsjettet. Helse Vest har dessutan i eget brev datert 17.03.2011 gitt helseføretaka føresetnader og føringar for utarbeiding av langtidsbudsjett 2012-2016. Alle helseføretaka har no behandla sine langtidsbudsjett i sine respektive styre.

Administrerande direktør meiner at ein her har klart å fange opp dei viktigaste føringane frå Helse 2020. Arbeidet med langtidsbudsjettet vil vere ein årleg prosess og det vil bli arbeidd kontinuerleg med å utvikle langtidsbudsjettet. Ein tar sikte på at langtidsbudsjettet blir rullert kvar vår i helseføretaka, og at langtidsbudsjettet for føretaksgruppa blir lagt fram for styret i Helse Vest i septembermøtet.

## **2 Føresetnader for langtidsbudsjett**

### **2.1 Økonomiske føresetnader**

Alle tal i budsjettet er uttrykt i 2011 kroneverdi.

Rente på lån til investeringar vil vere ulik for dei ulike lån som helseføretaka har tatt opp tidlegare. Det er lagt opp til at føretaka bruker dei aktuelle rentesatsane for dei ulike låna. Når det gjeld renteutviklinga framover er det naturleg nok vanskeleg å sei korleis denne vil vere. For vurdering av framtidig renteutvikling er det her lagt til grunn Norges Bank sin middels prognose for utviklinga i styringsrenta. Helse Vest har med basis i dette lagt føringar til helseføretaka og bedt om at følgjande rentesatsar blir lagt til grunn:

|           | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|-----------|------|------|------|------|------|
| Rentesats | 4,0% | 5,0% | 5,5% | 6,0% | 6,5% |

Ved fastsetting av renta er det ikkje tatt omsyn til prisvekst og den verknad denne har på utviklinga i renta. Dette inneber at renta sannsynlegvis er satt noko høgt sidan dette er uttrykk for realrente.

Renta på driftskreditt er i dagens bankavtale fastsett med utgangspunkt i NIBOR 1 månad. På same måte som for lån til investeringar er denne renta vanskeleg å fastsette med rimeleg grad av sikkerheit i eit lengre perspektiv. Det er derfor lagt til grunn at renta på driftskreditt følgjer det same rentenivået som er skissert ovanfor.

### **2.2 Plangrunnlag**

Utgangspunkt for Helse Vest og føretaka sine langtidsbudsjett er noverande opptaksområde og funksjonar. Det kan bli endringar i oppgåvefordelinga mellom føretaka i langtidsbudsjettperioden, m.a. innan kreftkirurgi, jf også arbeidet med vurdering av føretaksgrensene nokre stadar. Dette er likevel forventa å vere mindre endringar som må handterast når det er aktuelt. Langtidsbudsjettet har eit perspektiv på 5 år, dvs. frå 2012-2016.

I plangrunnlaget for utarbeiding av langtidsbudsjettet inngår vurderingar knytt til:

1. Utvikling av behovet for tenester i føretaksområda
2. Nasjonale og regionale føringar, under dette dei føringar som følgjer av Helse 2020.
3. Korleis føretaka vil møte behova og følgje opp føringane.
4. Korleis føretaka kan omstille og tilpasse tenestene for å møte utfordringane innanfor påreknelege økonomiske rammer.
5. Situasjonen knytt til personell og kompetanse, bygg og utstyr, IKT og anna viktig infrastruktur.

## 2.2.1 Utvikling i behovet for tenester

Alle helseføretaka har gjort vurderingar om forventa utvikling i behovet for tenester innanfor sitt opptaksområde og sine funksjonar.

Det er lagt til grunn kunnskap om korleis befolkningsutvikling, sjukdomsutvikling, utvikling innan medisinsk teknologi og forventningane til helsetenestene vil påverke behovet og etterspurnad etter tenester.

I planperioden er det ei venta ei auke i folketalet i Helseregion Vest på 5,7%. Befolkningsveksten er forventa å ha følgjande fordeling pr. helseføretaksområde:

|                 |      |
|-----------------|------|
| Helse Stavanger | 7,8% |
| Helse Fonna     | 4,0% |
| Helse Bergen    | 6,0% |
| Helse Førde     | 0%   |

Framskriving av folketalet viser at veksten vil bli størst i Helse Stavanger dei neste åra. Dette inneber at aktivitetsveksten for Helse Stavanger vil bli høgare enn for dei andre HF-a, og spesielt relatert til Helse Førde. Minst like viktig som veksten i folketalet er samansetninga av befolkninga. Det blir fleire eldre i alle føretaksområda og det vil påverke sjukdomsbilete. Det gjeld også i Helse Førde som elles ikkje har nokon vekst i folketalet.

Samhandlingsreforma som blir sett i verk frå 2012, vil over tid påverke behovet for tenester i helseføretaka. I kva grad og kor fort dette vil skje er uklart.

Det vil såleis vere usikkert om det blir vekst innafor spesialisthelsetenesta, og i så fall kor stor den blir ved implementering av samhandlingsreforma. Det er gitt signaler om at spesialisthelsetenesta vil ha ein mindre vekst i åra som kjem. Såleis kunne eit null-vekst scenario vere eit trygt alternativ å legge seg på. Samtidig er det forventa ein vekst i folketalet på nærmare 6 % i perioden der ein stadig større del av befolkninga blir eldre.

Etter ein samla vurdering valte Helse Vest i dei føringane som blei gitt til helseføretaka (brev datert 17.03.2011) å legge til grunn ein samla årleg vekst som ligg opp mot 0,5%. Dette er lågare enn den veksten som er lagt inn i siste års statsbudsjett. Under sak 73/11 B førebels inntektsfordeling 2012, som blei behandla av styret i møte den 22.06.2011, blei det for 2012 lagt inn ein vekstføresetnad på 0,75%. Helseføretaka var ferdige med sine langtidsbudsjett på dette tidspunkt, og det er derfor i denne saka ein forskjell i vekstføresetnaden for 2012 på om lag 0,25%. Føretaka kan nytta føresetnadane i sak 73/11 B som føresetnader i arbeidet med budsjett 2012.

Veksten vil slå ulikt ut for dei enkelte helseføretaka. I tabellen under er det vist fordelinga av vekst for kvart av helseføretaka med utgangspunkt i 0,5% vekst. Fordelinga er gjort basert på ein framskriving av SSB sine befolkningsdata:

| Årstall   | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Sum   |
|-----------|-----------------|-------------|--------------|-------------|-------|
| 2011-2012 | 0,8 %           | 0,3 %       | 0,6 %        | -0,2 %      | 0,5 % |
| 2012-2013 | 0,8 %           | 0,3 %       | 0,6 %        | -0,2 %      | 0,5 % |
| 2013-2014 | 0,8 %           | 0,3 %       | 0,6 %        | -0,2 %      | 0,5 % |
| 2014-2015 | 0,8 %           | 0,3 %       | 0,5 %        | -0,1 %      | 0,5 % |
| 2015-2016 | 0,8 %           | 0,3 %       | 0,6 %        | -0,1 %      | 0,5 % |

Endring i ISF inntekt blir sett i samanheng med endring i basisramma. Dette betyr at prinsippet om differensiert DRG bestilling som og blei lagt til grunn i inntektsfordelinga for 2011 blir vidareført. Dette inneberer at helseføretak som har ein relativt stor vekst i behovet for spesialisthelsetenester skal ha ein relativt større vekst i DRG bestillinga, slik at det blir større samanheng mellom produksjonsnivået og endringa i folketalet.

Det blir lagt til grunn at veksten og vil bli kompensert i basisramma. Dette vil gje ei årleg vekst i ramma til helseføretaka som fordeler seg som følgjer i heile tusen kroner:

**Endring i basisramme ved 0,5 %årlig vekst, tabell i kroner:**

| Årstall   | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Sum    |
|-----------|-----------------|-------------|--------------|-------------|--------|
| 2011-2012 | 20 547          | 4 115       | 17 567       | -2 203      | 40 026 |
| 2012-2013 | 20 361          | 4 220       | 17 499       | -1 854      | 40 226 |
| 2013-2014 | 20 802          | 4 100       | 17 270       | -1 745      | 40 427 |
| 2014-2015 | 20 817          | 4 553       | 16 730       | -1 469      | 40 630 |
| 2015-2016 | 20 428          | 4 116       | 17 352       | -1 063      | 40 833 |

**2.2.2 Nasjonale og regionale føringar, under dette føringar som følgjer av Helse 2020**

Følgjande dokument gir sentrale føringar for utvikling av spesialhelsetenesta og utarbeidning av langtidsbudsjett i føretaka og Helse Vest:

- Statsbudsjettet for 2011 - sentrale overordna føringar.
- St.meld. nr. 47 (2008-2009) om samhandlingsreforma gir viktige føringar for omstilling og oppgåve- og funksjonsfordeling mellom spesialisthelsetenesta og primærhelsetenesta.
- I ny kommunal helse- og omsorgslov og Nasjonal helse- og omsorgsplan gis det viktige føringar for oppfølging av samhandlingsreforma.
- Helse 2020 - Helse Vest sitt overordna strategidokument.
- Plandokumentet for Helse Vest og helseføretaka i årleg melding

**2.2.3 Korleis vil helseføretaka møte behova og følgje opp føringane**

Alle føretaka har gjort vurderinger og lagt planer knytt til utvikling av tenestene for å møte utfordringane innan dei påreknelege rammene.

Føretaka har fokus på korleis kvaliteten på tenestene kan bli betre, kor det er behov for å auke kapasiteten og ha særskilt fokus og korleis ressursane samla kan nyttast betre.

Sentralt her er arbeidet med å laga og legge til rette gode/standardiserte pasientforløp kor dei ulike deltenestene er organisert og sett saman slik at det gir god flyt i arbeidsprosessane og kor pasientane ikkje blir utsett for gjentakande venting som ikkje er har medisinsk-faglege grunnar.

Å auke kapasiteten for dagbehandling er eit sentralt tiltak. Det er i samsvar med konklusjonane i rapporten frå Sintef om sengekapasitet og driftsmønster. Denne viste at det i regionen er eit stort potensiale for å auke del dagbehandling/dagkirurgi (styresak 64/11).

Det er viktig å utvikle gode samarbeidsløysingar med kommunane for å følgje opp og ta i vare intensjonane i samhandlingsreforma.

På fleire område vil betre pasientbehandling og betre nytting av ressursane krevje understøtting i form av betre byggloysingar, ombygging/nybygging, anna infrastruktur, utskifting og fornying av medisinsk teknisk utstyr og oppgradering og fornying av IKT-løysingar. Evna til å rekruttere og nytta personalressursane godt er særskilt viktig.

Det gis her ein kort oppsummering av sentrale tiltak i kvart av føretaka.

**Helse Stavanger**

Helse Stavanger legg mellom anna vekt på betre kvalitet på tenestene og betre logistikk for pasientane. Det vil bli understøtta prioriterte investeringar som ferdigstilling av 3. etasje på MOBA-bygget, nytt bygg for barne- og ungdomspsykiatrien og nytt Stavanger DPS.

Høg grad av standardisering av behandlingsforløp vil gi både betre pasientbehandling og meir effektiv bruk av ressursane. Det blir satsa på dagbehandling kor det er grunnlag for ein stor aktivitetsvekst.

Det er lagt til grunn ein liten auke i sengekapasitet og betre utnytting av pasienthotellet.

Det vil vere særskilt fokus på korleis føretaket kan nytte sin totale kapasitet av bygg/areal, teknisk utstyr og anna infrastruktur. Auka vekt på gode IKT-løysingar er forventa å gi god effekt på fleire område i behandlingsforløpet.

## **Helse Fonna**

Helse Fonna vil legge til rette for heilsapeleg behandling og effektiv ressursbruk, desentralisere dei tenestetilboda ein kan og sentralisere det ein må og ha effektive og føreseielege pasientforløp internt og samarbeid med primærhelsetenesta.

Helse Fonna har definert 4 særlege fokusområde:

- psykisk sjuke og rusmiddelavhengige
- spesialisthelsetenester til eldre
- habilitering og rehabilitering
- prehospitalte tenester

I tillegg er det lagt vekt på å auke tilbodet til kreftpasientar m.a. med betre dagbehandling saman meir lindrande behandling og smertebehandling.

Behandling av personar med hjerneslag vil også bli styrka.

## **Helse Bergen**

Helse Bergen har gjort ei omfattande vurdering av korleis dei vil møte utfordringane. Sentralt innan somatikken er tre byggeprosjekt for å understøtte arbeidet med å betre kvalitet og auke effektivitet i behandlinga samt å auke kapasiteten.

Ny dagkirurgisk eining skal gi auka kapasitet for dagkirurgiske inngrep og ein meir effektiv ressursutnytting. Nytt senter for thorax-kirurgi vil auke kapasitet og gi betre kvalitet. Ny mottaksklinikkk vil vere eit "lokalsjukehus" i sjukehuset særleg retta mot personar med samansette lidningar. Klinikken skal sikre rask diagnostikk og behandling utan at pasientane må leggast inn i dei spesialiserte einingane.

Innan psykisk helse er det også behov for å understøtte god behandling og utvikling av kompetente fagmiljø med nye byggloysingar. Øyane DPS vert tatt i bruk i 2011, Kronstad DPS i 2013 og fase 1 i det nye barne- og ungdomssenteret (BUPSP) som er forventa ferdigstilt i slutten av langtidsbudsjettperioden. Det vil betre føresetnadane for god utnytting av ressursane i psykisk helsevern.

Tilbodet til pasientar med rusproblem vil også bli styrka m.a. gjennom etablering av fleire eigne tilbod.

Det er i føretaket valt ut tre strategiske satsingsområde:

- utvikling av kjerneverksemada
- leiing og forvaltning av ressursane
- samhandling og relasjonsbygging

Pasientgrupper/fagområde som blir særleg løfta frem er barn og unge med psykiske lidningar, rus, kreft, infeksjonspasientar, høgintensiv og multitraumatiserte pasientar og hjertepasientar og hjerneslag.

## **Helse Førde**

Helse Førde legg vekt på å nytte "forbetringsprogrammet" sitt som ein metode for å utvikle og omstille tenestene i tråd med behova, utviklinga i behandlingsmetodar og overordna føringer.

Det inneber ein metodikk med involvering av tilsette, tillitsvalde, vernetenesta, brukarar og leiinga på alle nivå.

Målet er å få ein mest mogeleg effektiv ressursbruk og gode og samanhengande pasientforløp.

Helse Førde visar også til at dei har utfordringar knytt til fornying av medisinsk teknisk utstyr og at det er behov for ombyggingar for å få betre logistikk på tenestene og meir effektiv arealbruk.

## 2.2.4 Økonomisk utfordring og resultatkrav

Helse Vest har i 2010 levert eit positivt resultat for andre år på rad. Resultatet for 2010 blei eit overskot på kr 436 mill korrigert for pensjon. Budsjettet var på kr 158 mill. Det er viktig at føretaksgruppa for andre år på rad kan vis at det samla sett er god styring på økonomien. For å kunne vidareutvikle føretaka og gjennomføre nødvendige investeringar, er ein heilt avhengig av positive resultat og god økonomistyring.

Helseføretaka må i utgangspunktet handtere investeringsbehovet innafor den likviditet ein klarer å skape gjennom drifta. Det er fleire store investeringsprosjekt som ligg føre i åra som kjem. Det er derfor heilt nødvendig at føretaksgruppa klarer å generere positive resultat slik at ein klarer å tilføre nok likviditet til å løfte investeringane.

Under førre sak om langtidsbudsjett som vart behandla under sak 091/10 B vart det understreka at resultatkravet i perioden fram mot 2015 måtte aukast opp mot om lag 400 mill for å klare å handtere investeringsbehovet. Sett i dette lys er resultatutfordringa i åra som ligg føre oss framleis stor. Dette inneber at føretaka framleis må ha fokus på omstillingar og tilpassing av drifta i forhold til dei økonomiske rammene slik at ein klarer å skape nødvendig handlingsrom.

Helseføretaka har i samband med framrulleringa av sine langtidsbudsjett gjort ei nærmare vurdering av nødvendige omstillingstiltak for å tilpasse drifta i tråd med dei økonomiske rammene slik at dei kan handtere framtidige investeringsbehov.

I tabellen under er det vist eit samandrag av resultatutviklinga som ligg i føretaka sine langtidsbudsjett fram til år 2016:

| Resultat pr. foretak      | Langtidsbudsjett |                |                |                |                |                |
|---------------------------|------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
|                           | 2011             | 2012           | 2013           | 2014           | 2015           | 2016           |
| Helse Stavanger           | 40 000           | 60 000         | 80 000         | 100 000        | 122 000        | 122 000        |
| Helse Fonna               | 10 000           | 31 000         | 34 000         | 34 000         | 35 000         | 35 000         |
| Helse Bergen              | 140 000          | 180 000        | 200 000        | 220 000        | 220 000        | 220 000        |
| Helse Førde               | -40 000          | -40 000        | 0              | 0              | 0              | 0              |
| Helse Vest IKT            | 300              | 138            | 197            | 329            | 370            | 497            |
| Apoteka Vest              | 13 758           | 10 034         | 11 226         | 13 783         | 17 819         | 22 749         |
| Helse Vest RHF            | 40 000           | 40 000         | 0              | 0              | 0              | 0              |
| <b>Sum føretaksgruppa</b> | <b>204 058</b>   | <b>281 172</b> | <b>325 423</b> | <b>368 112</b> | <b>395 189</b> | <b>400 246</b> |

Resultatnivået er i det alt vesentlege i tråd med resultatkravet som blei skissert i førre sak om langtidsbudsjett. Forskjellen i resultatnivået knyter seg i hovudsak til Helse Førde. Helse Førde har framleis store økonomiske utfordringar. Det er viktig og nødvendig at strategiplanen blir implementert på ein god måte slik at føretaket blir sett i stand til å skape seg eit økonomisk fundament for vidareutvikling i dei kommande åra. Samtidig er det strukturelle forhold som gjer det krevjande for føretaket å klare å nå dei økonomiske krava. Styret i Helse Vest har under sak 073/11 B (førebels inntektsfordeling 2012) vedtatt at det skal settast i gang eit arbeid med oppdatering av inntektssystemet i Helse Vest med verknad for året 2013. Med grunnlag i denne gjennomgangen må ein vurdere føresetnaden for helseføretaka til å klare resultatkrava. Med basis i denne gjennomgangen må ein vurdere situasjonen for Helse Førde i 2013 og påfølgjande år på eit seinare tidspunkt. Det er førebels lagt til grunn balanse i Helse Førde frå 2013.

Det er uansett ein generell risiko knytt til resultatutviklinga som ligg i føretaka sine langtidsbudsjett. Her vil forholdet knytt til samhandlingsreforma spele ein viktig rolle. Det er signalisert at det vil bli ein lågare vekst innafor spesialisthelsetenesta i åra som kjem. Det blir derfor viktig at helseføretaka på ein god måte klarer å tilpasse seg eit endra driftsnivå og klarer å ta inn over seg dei endra driftsoppgåvane som følger av samhandlingsreforma. Dette inneber at krav om positiv resultatutvikling må skje gjennom meir effektiv drift. Føretaka må derfor jobbe kontinuerleg med å omstille verksemda. Det er viktig at ein i tillegg til dei meir kortsiktige tiltaka og får sterkare fokus på langsiktig omstillingsbehov. Tiltaka må bli tilstrekkeleg forankra i organisasjonen og innarbeida i rullering av langtidsbudsjett som vil skje våren 2012.

I forslag til vedtak om framtidig resultatkrav er det tatt utgangspunkt i helseføretaka sine vedtak, avrunda til nærmaste heile mill. kroner. Dersom helseføretaka ønskjer å forbetra resultatkravet ytterlegare for å kunne handtere investeringar, kan dei sjølv sagt gjere det.

## **2.2.5 Personell og kompetanse, bygg og utstyr, IKT og anna viktig infrastruktur**

Dei viktigaste innsatsfaktorane for å svara på behovet for spesialisthelsetenester på ein effektiv og god måte er personell og kompetanse, utstyr, IKT, bygg og anna infrastruktur og føretaka si evne til å organisera verksemda.

### **Helse Stavanger**

Helse Stavanger viser til at føretaket har knappe og dels lite funksjonelle lokale med eit stort vedlikehaldsetterslep. Det er behov for betydelege investeringar. Det blir arbeidd med ein arealplan som skal vise korleis bygningsmassen kan bli utvikla og fornya.

Det er ovanfor peika på konkrete byggeprosjekt i Helse Stavanger.

Utviklinga i pasientbehandlinga må også understøttast av god kapasitet på diagnostisk medisinsk utstyr og utnytting av IKT-systema.

Det vil vere eit satsingsområde å utnytte den totale kapasiteten på areal og teknisk utstyr i føretaket. Kor mykje kan brukstid på utstyr og operasjonsstover aukast?

### **Helse Fonna**

Helse Fonna har og store rekrutteringsutfordringar og må sette i gang ytterligare tiltak for å få en god utnytting av personalressursane og betre rekrutteringa.

Helse Fonna meiner at full innføring av DIPS (nytt pasientadministrativt system) i 2012 vil gi gevinstar i form av betre koding, meir rett ressursbruk og auka inntekter.

Helse Fonna har eit stort vedlikehaldsetterslep med fleire driftskritiske forhold som treng utbetring. Det er behov for investeringar i bygg og utstyr for å skape meir funksjonelle bygg og effektiv utnytting av ressursane. Det er også behov for årleg utskifting av ambulansar.

### **Helse Bergen**

Helse Bergen må i langtidsbudsjettperioden gjennomføre fleire prosjekt som kan påverke og betre pasientforløpa. Det gjeld både ombyggingsprosjekt, driftsomleggingar og organisatoriske endringar. Det er ovanfor vist til viktige utbyggings- og ombyggingsprosjekt Helse Bergen.

Meir avansert og tilpassa utgreiing og behandling vil krevje meir bruk av til dømes radiologisk utstyr som PET, MR og CT. Det vil også krevje meir spesialisert kompetanse og kapasitet på dei medisinske laboratoria. Automatisering og robotisering kan fange opp store delar av vekstutfordringa.

Det må vere kontinuerlig fokus på betre arbeidsprosessar og arbeidstidsordningane tilpassa aktiviteten.

Det er planlagt ei rekke IKT-prosjekt for å understøtte pasientbehandlinga og arbeidet innan forsking og utvikling.

### **Helse Førde**

Helse Førde har behov for å rekruttere legespesialistar og anna helsefagleg personell. Det er særleg kritisk å rekruttere fagpersonell for å ta vare på det aukande talet på eldre pasientar og deira lidingar, kronikarar og pasientar med psykiske lidingar.

For Helse Førde er det også viktig å søke samarbeid med andre føretak om rekruttering og utdanning, etablere god arbeidstidsordningar og nyte kompetansen optimalt.

Som nemnt har Helse Førde ein krevjande utstyrssituasjon og må fornye gammalt og havaritruga utstyr.

Det er fortsatt behov for å investere i nye IKT-system, betre integrasjonane mellom systema og oppgradere eksisterande system.

Det er under utarbeiding ein samla arealplan for føretaket. Det er gjennom kartlegging vist eit stort vedlikehaldsetterslep på bygga. Særleg operasjonsområdet krev ombygging/utbetring.

### 3. Investering og finansiering

Helseføretaka må som ein hovudregel finansiere sine investeringar innafor den likviditet som ein klarer å skape gjennom drifta. Det er berre store investeringar som er omtalt i statsbudsjettet som ein kan pårekna å få lånefinansiert frå staten. I tabellen under er det vist eit samandrag av dei føresetnadane helseføretaka har lagt inn i sine langtidsbudsjett når det gjeld økonomisk og finansiell bærekraft:

#### Kontantstrøm til å dekke investeringar:

| Beløp i heile tusen kroner                       | 2011       | 2012      | 2013      | 2014      | 2015      | 2016      |
|--|------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget | 204 058    | 281 172   | 325 980   | 368 112   | 395 189   | 400 246   |
| + Avskrivning                                    | 974 123    | 1 033 292 | 1 043 070 | 1 070 266 | 1 094 133 | 1 102 190 |
| + Nedskrivning anleggsmidlar                     | 0          | 0         | 0         | 0         | 0         | 0         |
| = Kontantstraum frå drifta                       | 1 178 182  | 1 314 464 | 1 369 049 | 1 438 379 | 1 489 322 | 1 502 436 |
| - Resultatawk året før                           | 277 000    | -15 000   | 0         | 0         | 0         | 0         |
| + Opptak av nye lån                              | 211 000    | 130 000   | 165 000   | 165 000   | 215 000   | 275 000   |
| - Avdrag lån                                     | -102 220   | -106 924  | -119 424  | -122 425  | -122 425  | -150 426  |
| - Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT     | 0          | 0         | 0         | 0         | 0         | 0         |
| + Sal av anleggsmidlar                           | 0          | 10 000    | 20 000    | 20 000    | 0         | 0         |
| + Gåver  | 52 000     | 2 000     | 0         | 0         | 0         | 0         |
| +/- anna   | *) 173 129 | 0         | 0         | 0         | 0         | 0         |
| Finansieringsgrunnlag investeringar              | 1 789 091  | 1 334 540 | 1 434 625 | 1 500 954 | 1 581 897 | 1 627 010 |

\*) Under linja "anna" i tabellen ovanfor ligg det overført likviditet frå 2010 til prosjekt i Helse Stavanger og Helse Bergen som vil bli sett i gang på eit seinare tidspunkt.

Resultatet i 2010 blei kr 277 mill betre enn budsjettet. Dette styrkar investeringsevna i føretaksgruppa. Styret i Helse Vest har disponerte kr 164 mill av dette til interne lån under sak 058/11 B som vart behandla i møte den 01.06.2011. Helse Stavanger har skissert et behov for ytterlegare lån i 2012 og 2013 på til saman kr 100 mill. Dette er eit forhold som Helse Vest må få komme tilbake til når resultatet for 2011 og 2012 er kjend.

Når det gjeld lån frå staten til store investeringsprosjekt er det nytt barne og ungdomssenter i Helse Bergen som vil bli dekt over statsbudsjettet i dei kommande åra. Samla sett er det her gitt tilsegn om lån på om lag kr 700 mill som tilsvrar om lag 50 % av samla investeringskostnad. I tillegg har Helse Bergen lagt inn ein føresetnad om at fase II av nytt barne og ungdomssenter og blir finansiert med lån frå staten. Dette prosjektet er av eit slikt omfang at det i tillegg til styringsdialog mellom HF og RHF, og må etablerast styringsdialog med Helse- og omsorgsdepartementet. Styret i Helse Vest må vidare behandla prosjektet før oppstart av konseptfasen. Det er derfor usikkerheit knytt til om og når prosjektet eventuelt skal starta opp. Barne- og ungdomspsykiatrien i Helse Stavanger er finansiert med kr 103 mill i lån i 2011. Det er ikkje gitt tilsegn om meir lån til Helse Stavanger frå staten i dei kommande åra. Samla sett er det lagt til grunn følgjande lån frå staten dei kommande åra:

| Spesifikasjon av lånebehov                       | 2011           | 2012           | 2013           | 2014           | 2015           | 2016           |
|--|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| BUPA - Helse Stavanger                           | 103000         |                |                |                |                |                |
| BUSP fase I - Helse Bergen                       | 108000         | 130 000        | 165 000        | 165 000        | 132 000        |                |
| BUSP fase II - Helse Bergen (ikke godkjent ennå) |                |                |                |                | 83 000         | 150 000        |
| <b>Sum lånebehov</b>                             | <b>211 000</b> | <b>130 000</b> | <b>165 000</b> | <b>165 000</b> | <b>215 000</b> | <b>150 000</b> |

For meir utfyllande kommentarar rundt kontantstraum til dekning av investeringar blir det vist til kapitila under som omhandlar det enkelte helseføretak.

Den samla investeringsplanen for føretaksgruppe er med basis i dei føreliggjande langtidsbudsjetta oppsummert til følgjande:

## Investeringar for føretaksgruppa

| Beløp i heile tusen kroner                                      | 2011             | 2012             | 2013             | 2014             | 2015             | 2016             |
|---|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
| Bygg - tilgjengelig ramme                                       | 789 300          | 913 160          | 868 050          | 767 300          | 718 800          | 836 800          |
| Medisinteknisk utstyr   | 308 900          | 290 000          | 250 500          | 235 500          | 301 500          | 275 100          |
| IKT   | 229 900          | 220 000          | 200 000          | 200 000          | 200 000          | 200 000          |
| Anna  | 178 200          | 144 184          | 206 810          | 199 600          | 191 800          | 196 800          |
| <b>Sum investeringar</b>  | <b>1 506 300</b> | <b>1 567 344</b> | <b>1 525 360</b> | <b>1 402 400</b> | <b>1 412 100</b> | <b>1 508 700</b> |
| <b>Finansielt grunnlag</b>                                      | <b>1 789 091</b> | <b>1 334 540</b> | <b>1 434 068</b> | <b>1 500 954</b> | <b>1 581 897</b> | <b>1 627 010</b> |
| <i>Avvik mellom investeringsplanar og finansielt grunnlag</i>   | <i>282 791</i>   | <i>(232 804)</i> | <i>(91 292)</i>  | <i>98 554</i>    | <i>169 797</i>   | <i>118 310</i>   |
| <i>Akkumulert avvik investeringsplan og finansielt grunnlag</i> | <i>282 791</i>   | <i>49 987</i>    | <i>(41 305)</i>  | <i>57 249</i>    | <i>227 046</i>   | <i>345 356</i>   |

Det årlege investeringsnivået ligg på om lag kr 1,5 mrd. Det finansielle grunnlaget er høgst i 2011 då ein her har med seg likviditet frå 2010 knytt til investeringar som ikkje er gjennomført på dette tidspunktet. Elles viser oversikta at ein må gjere visse tilpassingar i 2013 for å få samsvar mellom investeringsnivået og det finansielle grunnlaget. Men sett under eit så vil ein under føresetnad av at staten gir lån til prosjektet BUSP fase II og at føretaka leverer på resultatkravet, ha eit finansielt grunnlag som vil kunne løfte investeringsplanen. Det vil bli gitt ein nærmare kommentar rundt investeringsplanane og det finansielle grunnlaget for kvart av føretaka i dei følgjande punkta.

### 3.1 Helse Stavanger

Helse Stavanger sitt finansielle grunnlag i langtidsbudsjettet framkjem som følgjer:

#### Kontantstrøm til å dekke investeringar:

| Beløp i heile tusen kroner                       | 2011           | 2012           | 2013           | 2014           | 2015           | 2016           |
|--|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget | 40 000         | 60 000         | 80 000         | 100 000        | 122 000        | 122 000        |
| + Avskrivning                                    | 198 462        | 224 553        | 219 950        | 230 012        | 230 568        | 220 094        |
| + Nedskrivning anleggsmidlar                     | 0              | 0              | 0              | 0              | 0              | 0              |
| = Kontantstrøm fra driften                       | 238 462        | 284 553        | 299 950        | 330 012        | 352 568        | 342 094        |
| - Resultatawk året før                           | -18 000        |                |                |                |                |                |
| + Opptak av nye lån                              | 153 000        | 50 000         | 50 000         | 0              | 0              | 125 000        |
| - Avdrag lån                                     | -31 000        | -33 500        | -46 000        | -49 000        | -49 000        | -49 000        |
| - Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT     | -30 000        | -30 000        | -25 000        | -20 000        | -15 000        | -15 000        |
| + Salg av anleggsmidler                          | 0              | 10 000         | 0              | 0              | 0              | 0              |
| + Gåver  | 0              | 2 000          | 0              | 0              | 0              | 0              |
| +/- anna   | 90 129         | 0              | 0              | 0              | 0              | 0              |
| <b>Finansieringsgrunnlag investeringar</b>       | <b>402 591</b> | <b>283 053</b> | <b>278 950</b> | <b>261 012</b> | <b>288 568</b> | <b>403 094</b> |

Helse Stavanger hadde i 2010 eit negativt resultatavvik på kr 18 mill. Dette reduserer det finansielle grunnlaget i 2011 tilsvarande. I 2011 har Helse Stavanger fått tildelt lån frå staten på kr 103 mill til finansiering av nytt bygg for barne- og ungdomspsykiatri. I tillegg har Helse Stavanger fått tildelt internt lån frå Helse Vest på kr 50 mill slik at samla lån i 2011 blir på kr 153 mill. Helse Stavanger har vidare lagt inn ein føresetnad om ytterlegare interne lån på kr 50 mill i 2012 og 2013. Dette er eit forhold som Helse Vest må komme tilbake til når ein kjenner resultatet i føretaksgruppa. Helse Stavanger har føresett at det blir gitt lån på kr 125 mill knytt til oppstart av ny arealplan frå 2016. Dette tilsvarar 50% av investeringsposten i 2016. Den nye arealplanen er eit prosjekt som Helse Vest må ha dialog med departementet om. Eit tema som blir viktig i samband med denne dialogen er nærmare avklaring av finansieringa av planen.

Vidare er det lagt inn sal av Solåsveien (hybel og leilighetsbygg) på kr 10 mill i 2012. Helse Stavanger har ved utgangen av 2010 ikkje gjennomført alle investeringsprosjekt som føresett i budsjettet. Dette inneber at framdrifta på prosjekta er endra og at likviditeten knytt til dette er overført til finansieringsgrunnlaget i 2011 med kr 90 mill.

Helse Stavanger har med bakgrunn i det finansielle grunnlaget utarbeid ein revidert investeringsplan som er som følgjer:

## Spesifikasjon av investeringar

| Beløp i heile tusen kroner                               | 2011           | 2012           | 2013           | 2014           | 2015           | 2016           |
|--|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| BUPA   | 121000         | 94000          |                |                |                |                |
| Stavanger DPS  | 17 000         | 50 000         | 100 000        |                |                |                |
| MOBA ny etasje   | 36 000         |                |                | 100 000        | 10 000         |                |
| Utvikling av SUS på Våland                               |                |                |                |                |                | 254 000        |
| Øvrige bygg  | 35 000         | 10 000         |                |                | 10 000         |                |
| SUM Bygg   | 209 000        | 154 000        | 100 000        | 100 000        | 20 000         | 254 000        |
| Medisinteknisk utstyr                                    | 93 000         | 129 000        | 87 000         | 70 000         | 125 000        | 90 000         |
| Sum andre investeringar                                  | 67 000         | 33 644         | 92 000         | 90 000         | 90 000         | 95 000         |
| <b>SUM investeringar</b>                                 | <b>369 000</b> | <b>316 644</b> | <b>279 000</b> | <b>260 000</b> | <b>235 000</b> | <b>439 000</b> |
| Avvik mellom finansielt grunnlag og investeringsplan     | 33 591         | -33 591        | -50            | 1 012          | 53 568         | -35 906        |
| Akkumulert avvik finansielt grunnlag og investeringsplan | 33 591         | 0              | -51            | 962            | 54 530         | 18 624         |

